**VOLDA KOMMUNE**
**Avdeling for dokumentasjon og service**

Til samfunnsutvikling for vidare arbeid,

Edvin Løfoll

| Vår referanse | Din referanse | Sakshandsamar | Dato |
|---|---|---|---|
| 20/2695 20/25554 | | Sonja Håvik | 21.12.2020 |

**Gebyr for søknad og handsaming av graveløyve etter ledningsforskrifta**

Kommunestyret har i møte 17.12.2020, sak 160/20, fatta følgjande vedtak:

1. Volda kommunestyre vedtek å innføre gebyr for handsaming av graveløyve og utført kontroll gjeldande frå 01.01.2021.

2. Gebyrsatsar:
Mindre arbeid av kortvarig art, ingen kontroll: kr 1.240,-.
Standard arbeid inkl. kontroll: kr 3.100,.-
Ved større arbeid over lengre tid vert gebyret avtalt pr. graveløyve på førehand
Dette vil kunne variere mellom kr 3.720 – 9.300,-

3. Gebyret vert prisjustert årleg etter konsumprisindeksen, første gong 01.01.2022.

Med helsing

Sonja Håvik
førstekonsulent

Dokumenter er elektronisk godkjent og har derfor ikkje signatur

Mottakar
Edvin Løfoll

Kopi til
Brita Sollid
Hanne Rognan
Kari Mette Sundgot
Sona Strieborna

Volda kommune
Stormyra 2
6100 Volda
www.volda.kommune.no
postmottak@volda.kommune.no
Sentralbord: 70 05 87 00
Org. nr: 939 760 946
Kontonr: 3991.11.94590

# Volda kommune

**Vår referanse:** 20/2695 20/8265
**Saksbehandlar:** Edvin Løfoll
**Dato:** 13.05.2020

## Saksframlegg

| Saksnr. | Utval | Møtedato |
|---|---|---|
| 117/20 | Tenesteutval for forvaltning og utvikling | 17.11.2020 |
| 231/20 | Formannskapet | 24.11.2020 |
| 160/20 | Kommunestyret | 17.12.2020 |

**Gebyr for søknad og handsaming av graveløyve etter ledningsforskrifta**


**Samandrag:**
Volda kommune innfører gebyr for sakshandsaming av graveløyver og utført kontroll frå 01.01.2021. Gebyret vert justert etter konsumprisindeksen ved budsjetthandsaminga
kvart år.


**Kommunestyret 17.12.2020:**

**Behandling:**

Lise Ekros møtte kl. 15.05.

Røysting (33 røysteføre):
Innstillinga frå formannskapet vart samrøystes vedteken.

**KST- 160/20 Vedtak:**

1. Volda kommunestyre vedtek å innføre gebyr for handsaming av graveløyve og utført kontroll gjeldande frå 01.01.2021.

2. Gebyrsatsar:
Mindre arbeid av kortvarig art, ingen kontroll: kr 1.240,-.
Standard arbeid inkl. kontroll: kr 3.100,.-
Ved større arbeid over lengre tid vert gebyret avtalt pr. graveløyve på førehand
Dette vil kunne variere mellom kr 3.720 – 9.300,-

3. Gebyret vert prisjustert årleg etter konsumprisindeksen, første gong 01.01.2022.

**Formannskapet 24.11.2020:**

**Behandling:**

Røysting (9 røysteføre):
Innstillinga frå teneseteutvalet for forvaltning og utvikling vart samrøystes vedteke.

**FSK- 231/20 Vedtak:**

1. Volda kommunestyre vedtek å innføre gebyr for handsaming av graveløyve og utført kontroll gjeldande frå 01.01.2021.

2. Gebyrsatsar:
Mindre arbeid av kortvarig art, ingen kontroll: kr 1.240,-.
Standard arbeid inkl. kontroll: kr 3.100,.-
Ved større arbeid over lengre tid vert gebyret avtalt pr. graveløyve på førehand
Dette vil kunne variere mellom kr 3.720 – 9.300,-

3. Gebyret vert prisjustert årleg etter konsumprisindeksen, første gong 01.01.2022.

**Tenesteutval for forvaltning og utvikling 17.11.2020:**

**Behandling:**

Røysting (7 røysteføre):
Kommunedirektøren si tilråding vert samrøystes vedteken for oversending til formannskapet.

**TFU- 117/20 Vedtak:**
Tenesteutvalet for forvaltning og utvikling tilrår at:

1. Volda kommunestyre vedtek å innføre gebyr for handsaming av graveløyve og utført kontroll gjeldande frå 01.01.2021.

2. Gebyrsatsar:
Mindre arbeid av kortvarig art, ingen kontroll: kr 1.240,-.
Standard arbeid inkl. kontroll: kr 3.100,.-
Ved større arbeid over lengre tid vert gebyret avtalt pr. graveløyve på førehand
Dette vil kunne variere mellom kr 3.720 – 9.300,-

3. Gebyret vert prisjustert årleg etter konsumprisindeksen, første gong 01.01.2022.

**Kommunedirektøren si tilråding:**

1. Volda kommunestyre vedtek å innføre gebyr for handsaming av graveløyve og utført kontroll gjeldande frå 01.01.2021.

2. Gebyrsatsar:
Mindre arbeid av kortvarig art, ingen kontroll: kr 1.240,-.
Standard arbeid inkl. kontroll: kr 3.100,.-

Ved større arbeid over lengre tid vert gebyret avtalt pr. graveløyve på førehand
Dette vil kunne variere mellom kr 3.720 – 9.300,-

3. Gebyret vert prisjustert årleg etter konsumprisindeksen, første gong 01.01.2022.

Vedtak som innstilling frå Tenesteutval for forvaltning og utvikling - 17.11.2020 - 117/20

Tenesteutvalet for forvaltning og utvikling tilrår at:

1. Volda kommunestyre vedtek å innføre gebyr for handsaming av graveløyve og utført kontroll gjeldande frå 01.01.2021.

2. Gebyrsatsar:

Mindre arbeid av kortvarig art, ingen kontroll: kr 1.240,-.
Standard arbeid inkl. kontroll: kr 3.100,.-
Ved større arbeid over lengre tid vert gebyret avtalt pr. graveløyve på førehand
Dette vil kunne variere mellom kr 3.720 – 9.300,-

3. Gebyret vert prisjustert årleg etter konsumprisindeksen, første gong 01.01.2022.

Vedtak som innstilling frå Formannskapet - 24.11.2020 - 231/20

1. Volda kommunestyre vedtek å innføre gebyr for handsaming av graveløyve og utført kontroll gjeldande frå 01.01.2021.

2. Gebyrsatsar:

Mindre arbeid av kortvarig art, ingen kontroll: kr 1.240,-.
Standard arbeid inkl. kontroll: kr 3.100,.-
Ved større arbeid over lengre tid vert gebyret avtalt pr. graveløyve på førehand
Dette vil kunne variere mellom kr 3.720 – 9.300,-

3. Gebyret vert prisjustert årleg etter konsumprisindeksen, første gong 01.01.2022.

**Vedlegg:**
Veileder ledningsforskriften utkast 12112019

## Uprenta vedlegg:

- Veglova §§ 32 og 57
- Forskrift om saksbehandling og ansvar ved legging og flytting av ledninger over, under og langs offentlig veg:

  https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/2013-10-08-1212
- Forskrift om endring i forskrift om saksbehandling og ansvar ved legging og flytting av ledninger over, under og langs offentlig veg, med merknader

## Saksopplysningar:

Alle som skal nytte offentleg grunn eller utføre gravearbeid på offentleg veg og grunn skal søkje om løyve. Dette gjeld ved graving i veg/ gategrunn, ved fjerning av masser, ved oppsetting av mur, etablering av leidningsanlegg, elektriske kablar, telekablar/ breiband m.m. eller nytte offentleg areal til anna føremål.

Volda kommune har ikkje utarbeidd lokale retningslinjer for graving i kommunal grunn. Ein har valgt å følgje retningslinjene som er fastsett i ledningsforskrifta for å unngå at evt. kommunale retningslinjer kjem i konflikt med forskrifta.

I ledningsforskrifta §18 er det opna for at vegmyndigheitene kan krevje gebyr for å dekke kostnadane til sakshandsaming av graveløyve og utført kontroll. Gebyret skal vere etter sjølvkostprinsippet. Det er ikkje høve til å krevje forringelsesgebyr eller gebyr for framtidig auka vedlikehaldskostnadar som følgje av gravearbeidet. §18a i ledningsforskrifta gjev føringar for kva ein kan krevje av ledningseigar i høve istandsetjing av areal og økonomiske garantiar. Volda kommune tek pr. i dag ikkje betaling for handsaming av slike søknadar.

Volda kommune handsamar årleg om lag 100 søknadar om graveløyve. Det har ikkje vore gjennomført kontroll av gravearbeid p.g.a. manglande personalressursar på veg og park.  Dette arbeidet må sjølvsagt prioriterast og gjennomførast når gebyret vert innført.

Det er stor variasjon i gebyrsatsen på handsaming av graveløyve og kontroll rundt om i kommunane. Enkelte kommunar differensierer mellom kor omfattande gravearbeidet er, andre har ein fast sats uavhengig av omfanget på arbeidet eller tek gebyr etter medgått tid.

## Vurdering og konklusjon:

Ein ser det som rimeleg at handsaming av graveløyve vert ei betalingsteneste på linje med andre tenester i kommunen.

I endringsforskrift (merknadane) til ledningsforskrifta står m.a. følgjande om fastsetjing av gebyr:

*«Adgangen for vegmyndigheten til å krevje sine kostnader dekket er begrenset til*

*søknadsbehandling og utført kontroll i anleggsperioden. Vegmyndigheten kan velge å fakturere ledningseier for medgått tid til saksbehandling og kontroll i den enkelte sak.*

*Dersom vegmyndigheten velger å benytte seg av et gebyrregulativ basert på gjennomsnittsbetraktninger for søknadsbehandlingen, bør den skille mellom søknader etter omfang og kompleksitet.*

*Begrepet «utført kontroll» innebærer at vegmyndigheten kun kan ta betalt for faktisk gjennomførte kontroller. Det kan derfor ikke fastsettes et generelt gebyr for kontroll pr. sak. Regulativet må fastsette en pris for enkeltkontroll basert på gjennomsnittlig tidsbruk og gebyret innkreves etterskuddsvis.»*

Det er mykje som skal vurderast når ein handsamar søknad om graveløyve, m.a.:

- Stille krav om at planane er koordinert med andre ledningseigarar og at naboane er varsla.
- Vurdere og godkjenne planane for arbeidet. Eventuelt krevje ny trasé og befaring.
- Vurdere og godkjenne rigg- og plan for arbeidsvarsling.
- Eventuell handsaming av søknad om stenging av veg, formelle skiltvedtak.
- Vurdere/ stille krav om varsling av naudetatar, kollektivselskap, ev. annonsering.
- Kontrollere at søkjar/ gravefirma har naudsynt kompetanse til å utføre oppgåva (sentral godkjenning m.m.).

Graveløyve – vurdering av medgått tid og fakturaunderlag

Ein har vurdert ulike alternativet med omsyn til gebyrfastsetjing. Eit alternativ er eit gebyr med fast sats, men vurderer dette som lite hensiktsmessig. Kommunedirektøren sitt råd er å skilje på arbeid av kortvarig art og standard arbeid. Ein har lagt vekt på at gebyret ikkje skal vere større enn at det dekkjer kommunen sine kostnader med sakshandsaming og kontroll.

**Søknad gjeldande for små arbeid/mindre omfattande:**
Mottak av søknad, utarbeiing av fakturagrunnlag: 1 à kr 620,- = kr 620,-
Handsaming av søknad, ikkje naudsynt med arbeidsvarsling, ikkje naudsynt med synfaring, ikkje naudsynt med kontroll/oppfølging: 1t à kr 620,- = kr 620,-
Sum kostnad små arbeid: = kr 1.240,-

**Standard gravesøknad:**
Mottak av søknad, utarbeiing av fakturagrunnlag: 1 à kr 620,- = kr 620,-
Handsaming av søknad, inkludert ev. synfaring 2t à kr 620,- = kr 1.240,-
Handsaming av plan for arbeidsvarsling 1t à kr 620,- = kr 620,-
Kontroll i felt/oppfølging 1t à kr 620,- = kr 620,-
Sum kostnad standard gravesøknad: = kr 3.100,-

**Større arbeid/omfattande søknad:**
Mottak av søknad, utarbeiing av fakturagrunnlag: 1 à kr 620,- = kr 620,-
Handsaming av søknad – tid vil variere mellom 2 – 4t = kr 1.240 –

2.480,-
Handsaming av plan for arbeidsvarsling vil variere 1 – 4t = kr 620 – 2.480,-
Kontroll i felt/oppfølging 1t à kr 620,-, vil vareiere 2 – 6t = kr 1.240 – 3.720,-
Sum kostnad større arbeid: = kr 3.720 – 9.300,-

Årleg mottek og handsamar kommunen om lag 100 søknadar. Dersom ein anslår at 10% av søknadane er av kortvarig art, 80% er av standard og 10% er større arbeid/anlegg. Dette gjev ei potensiell årleg gebyrinntekt på kr 325 500 (basert på 100 søknadar i året). Dette er eit forsiktig anslag.

I forslag til budsjett- og økonomiplan 2021-24 er det lagt inn tiltak der inntektspotensiale er vist som inntekt for avdeling veg og park. Slik kommunedirektøren ser det vil det vere naturleg å nytte inntektspotensialet og innføre gebyr for handsaming av graveløyve for å få dekt kostnadane som kommunen har med tenesteområdet.

**Utskrift av endeleg vedtak:**

Rune Sjurgard
kommunedirektør